

Framifrå blues i to omgongar på Dønhaug

07.05.2009



Rich Harper i aksjon i Dønhaugkjedlaren torsdag kveld. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Er du glad i blues og i tillegg ein som vart hekta då det svært dyktige The Rich Harper Band vitja Dønhaug i fjar? I så fall kan dette bli ei stor helg for deg.**

**For var du ikkje ein av dei 26 som overvar intimkonserten i kjedlaren torsdag får du sjansen att laurdag kveld, for då er det låvedans med det same bandet. Det skal berre innom Bergen først!**

Sjølv om oppslutnaden ikkje var større i kjedlaren hadde dei som var der ei stor stund. Rich Harper (gitar og song). Jimmy Bell (bassgitar) og Pete Gallagher (trommer) - alle busett i California - gav dei som kom full valuta for pengane. Sjefen sjølv imponerte naturleg nok mest både sangleg og med eit gitarspel som grenser mot det utrulege.

Rich Harper spelar i heile verda og det var først i fjar han satsa på den norske og skandinaviske marknaden og med Dønhaug som første spelestad under ein omfattande turnerunde. Bandet var innom bluesfestivalen i Skånevik og hadde stor suksess også der.

Dette året startar også turnerunden med Dønhaug og går så langt nord som til Alta og så langt sør som til Kristiansand. Bandet er også ein svipptur innom Strømstad, fortel promotor B. Andy Andersen, som er norskamerikanar og har pensjonert seg i bluesbranasjen etter mange år som pilot på Boeing av alle variantar. Som dei tre musikarane trivs han på Dønhaug og vert Magne Huglen trivs med den trivelege gjengen frå California. Trivselen gjeld også i høg grad det musikalske, for Rich Harper har utvikla sin eigen, suggererande stil som får ein til å vogga med.

Av Ola Matti Mathisen



Rich, Jimmy og Pete - alle frå California - imponerte med intim blues. (Foto: Ola Matti Mathisen)